
Søkjær

Institusjonsopplysningar

Institusjonsnamn	Vestland fylkeskommune, bibliotekutvikling
Institusjonen si e-postadresse	post@vlfk.no
Postadresse	Askedalen 2
Postnummer	6863
Poststad	Leikanger
Leiar av institusjonen	
Fornamn	Elin
Etternamn	Golten
Telefon	47 237 315
E-post	elin.golten@vlfk.no

Er leiar for institusjonen kontaktperson for ja
prosjektet?

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype	Frie forsøk
-------------	-------------

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel	Folkebiblioteket i lokalsamfunnet - kvalitet, verdi og potensial
----------------	--

Mål

Effekt mål

Små og mellomstore kommunar har betre grunnlag for å vurdere og utvikle eiga bibliotekverksemd basert på faktorar i lokalsamfunnet.

Bibliotektenester er betre tilpassa det enkelte lokalsamfunn/kommune.

Norske kommunar har verktøy til å samle, handtere og formidle data om sitt folkebibliotek.

Fylkeskommunane får vidareutvikla si rådgjeving til lokale myndigheiter gjennom å tilby ei heilskapleg og lokalt tilpassa vurdering av folkebibliotektenesta.

Resultat mål

Utvikle metode og gjennomføre analyse av folkebibliotekas samfunnsbidrag basert på tidlegare forskning.

Utvikle ei heilskapleg løysning for innsamling, handtering og formidling av data samla inn frå og om norske folkebibliotek

Utvikle metode for å identifisere og samanstille relevante data om kommunar, der biblioteket kan spele ei rolle.

Utvikle og prøve ut modell der ein koplar relevante data om kommunen med bibliotekas ulike samfunnsbidrag for vurdering av kvalitet, verdi og potensial i det enkelte folkebibliotek.

Prosjektskildring

Prosjektet «Folkebiblioteket i lokalsamfunnet - kvalitet, verdi og potensial» vil bidra til at lokalsamfunn får betre tilpassa bibliotektenester ved å utforske forholdet mellom det einskilde lokalsamfunnet og folkebiblioteket. I eit samarbeid mellom academia og praksisfeltet vil vi utvikle metodar for kunnskapsinnhenting, finne fram til praktiske reiskapar for å analysere kva behov biblioteket skal svare på i den enkelte kommune. Dette vil bli sett i samanheng med kva verdi og potensial folkebiblioteket kan ha i eit lokalsamfunn. Gjennom prosjektet vil vi vidareutvikle fylkeskommunen si rådgjeving til lokale myndigheiter ved å utvikle verktøy for å vurdere kvaliteten på bibliotektenesta i små og mellomstore kommunar. Slik kan kommunane utvikle tilbodet i samsvar med utfordringar og moglegheiter i eige lokalsamfunn.

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune, fylkesbiblioteka i Innlandet og i Akershus, Buskerud og Østfold ser at kommunane i større grad treng kunnskap om kva folkebiblioteket kan bidra med i lokalsamfunnet. Biblioteket kan vere med på å løyse fleire oppgåver og utfordringar enn det kommunane som eigarar ofte kjenner til. Vi har likevel eit avgrensa og for lite systematisert kunnskapsgrunnlag å tilby kommunane. Dei treng eit betre grunnlag for å kunne prioritere, differensiere og målrette bibliotektilbodet.

I prosjektet vil vi utvikle ein modell for å vurdere og målbere kvalitet, verdi og potensial på folkebibliotektenestene basert på behov og moglegheiter i lokalsamfunnet. Modellen vil kome kommunane til nytte, og vil samstundes styrkje fylkeskommunane si rådgjeving til lokale

myndigheiter, jf. lov om folkebibliotek §6. Ferdig utvikla modell er tenkt å kunne nyttast av alle fylkeskommunane i rådgjevingssarbeidet, som kunnskapsgrunnlag for planlegging og prioritering av bibliotektenester i kommunane.

For å utvikle ein modell som har praktisk nytte samstundes som den er basert på aktuell forskning og utviklingsarbeid, vil vi etablere tett samarbeid mellom akademia (OsloMet) og praksisfeltet.

Prosjektet vil ha overføringsverdi i kraft av at modell utvikla i prosjektet vil kunne nyttast til fylkeskommunal rådgjeving i små og mellomstore kommunar over heile landet. Både for kommunane og fylkeskommunane kan modell/metode vere aktuelle i samband med signal om nye krav til planlegging på kulturfeltet som del av kulturlova. Resultat frå prosjektet vil verte aktivt formidla i publikasjonar, på konferansar og på nettsidene til dei deltakande institusjonane.

Søknaden er forankra i Nasjonal bibliotekstrategi 2020-23 og Utvidet nasjonal bibliotekstrategi ut-25, og planar og strategiar i dei tre fylkeskommunane, sjå vedlegg 1.

Skildring av prosjektet

Prosjektet vil bestå av fleire arbeidspakker

Arbeidspakke 1: Utvikle metode for vurdering av kvalitet, verdi og potensial i folkebibliotek

Det vil i prosjektet vere sentralt å definere kva kvalitet, verdi og potensial i folkebibliotek betyr.

Vidare vil vi undersøkje kva metodar som er aktuelle basert på erfaringar frå tidlegare prosjekt og forskning. Analysane må kunne femne om ulike dimensjonar ved folkebiblioteket, t.d. som møtestad, demokratisk arena, kulturarena, læringsarena og formidlingsarena.

Vi treng også meir kunnskap om kva verdi eller betydning folkebiblioteket har i form av utbytte for individ og samfunn. Det kan vere oppleving for den enkelte, personleg utvikling, lesekompetanse, informasjonskompetanse og sosial kompetanse i befolkninga, inkludering og tilhøyrslse. Eit sentralt mål i prosjektet er å finne fram til relevante metodar og prosessar for å identifisere kvalitetane ved bibliotekverksemda, basert på tidlegare forskning. Vi er på jakt etter «bibliotekeffekten», samfunnsverdien av folkebibliotek, korleis biblioteka bidreg til livskvalitet, folkehelse og berekraftige lokalsamfunn.

I arbeidspakken vil forskarar frå forskingsgruppa INKULSAM ved OsloMet delta, der fleire har erfaring med forskingsarbeid som prosjektet kan bygge vidare på.

Arbeidspakke 2: Utvikle ei heilskapleg løysing for innsamling, handtering og formidling av data samla inn frå og om norske folkebibliotek.

Vi vil utvikle ein fullt fungerande løysning for innsamling, handtering og formidling av data samla inn frå og om norske folkebibliotek. Det skal utviklast ein digital portal som folkebibliotek enkelt kan kople seg på. Portalen skal gjera det mogleg for eit bibliotek å gå i felt med ei felles brukarundersøking, samle inn svar og samanlikne sine svar med svara frå andre bibliotek.

Denne piloten vil byggje vidare på erfaringar med brukarundersøkingar frå storbybibliotekundersøkinga, Lillestrømbibliotekene si undersøking og Fylkesbiblioteket Akershus, Buskerud og Østfold sitt prosjektsamarbeid med Norsk Publikumsutvikling. Han vil også sjåast i samanheng med utviklinga av applikasjonar og infrastruktur knytt til handtering av trafikktejljingsdata. Målet er å etablere ein brukarvenleg portal som gjer det enkelt for både små og store bibliotek å

samle inn, analysere og samanlikne data, og samstundes gje OsloMet og andre tilgang til data for forskingsføremål.

Vi vil gjenbruke spørsmåla i brukarundersøkinga i det pågåande prosjektet til Storbybibliotekene, som tar mål av seg av å bli ei nasjonal undersøking som skal vere relevant for sektoren, uavhengig av storleik, profil og geografisk plassering. Målet er å teste ein infrastruktur som legg til rette for langsiktige og tverrgåande samanlikningar av resultat frå skjema og metodar for brukartesting og modellar for kvalitetssikring.

Ved prosjektslutt vil ein koma med ei tilråding for vidareføring av løysinga, kor portalen bør ligge og om det er ytterlegare behov for utvikling for å tilfredsstilla biblioteka sine behov.

Lillestrømbibliotekene er ansvarleg for gjennomføringa av arbeidspakke 2 i tett samarbeid med OsloMet og Fylkesbiblioteket i Akershus, Buskerud og Østfold. Bakgrunn og detaljar kring arbeidspakken er skildra i vedlegg 8.

Arbeidspakke 3: Utvikle og prøve ut modell der ein koplar relevante data om kommunen med bibliotekas ulike samfunnsbidrag for vurdering av kvalitet, verdi og potensial i det enkelte folkebibliotek.

Vi vil synleggjer dei mange områda der bibliotekenesta kan bidra med verdi i lokalsamfunnet, jf. «bibliotekeffekten» skildra i arbeidspakke 1, og knyte dette saman med informasjonen om dei lokale tilhøve i lokalsamfunnet. Dette vil vi gjere ved å samanstillе funna i arbeidspakke 1 om verdi, kvalitet og potensiale i folkebibliotek, brukarundersøking i den einskilde kommune jf. arbeidspakke 2, og anna relevant data om kommunen der biblioteket kan spele ei rolle. Slik vil vi danne ein modell for vurdering og prioritering av bibliotekenesta opp mot utfordringar og moglegheiter i lokalsamfunnet. Det finst ei rekkje prosjekt og undersøkingar som vil vere del av kunnskapsgrunnlaget i prosjektet saman med aktuell forskning på området. I prosjektet er det òg aktuelt å trekkje inn materiale og kompetanse frå fleire fagmiljø, som Telemarksforsking, Folkehelseinstituttet, SSB, KS m.fl.

Vi vil i utvikling av modellen sjå til andre vurderingsverktøy som er brukte i evaluering av tenester, sjå vedlegg 2-7.

Vi vil i arbeidspakken jobbe saman med OsloMet, i tillegg til utvalde kommunar som vil prøve ut modellen for vurdering av kvalitet, verdi og potensial i folkebibliotek. Kommunane vil ha relevante ulikskapar som kan fungere som variablar. Kommunane vil òg fungere som ei referansegruppe i prosjektet, og bidra i evaluering og forbetring av modellen.

Framdriftsplan

Prosjektet er

Eitårig

Aktivitetsplan for prosjektet

Skildring

Inngå samarbeidsavtale mellom fylkeskommunane og OsloMet og etablere prosjektorganisasjonen

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.09.2025
----------	------------

Til dato	30.09.2025
----------	------------

Skildring

Etablere samarbeid med utvalde kommunar og sikre opplegg for medverknad

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.10.2025
----------	------------

Til dato	31.10.2025
----------	------------

Skildring

Undersøkje kva som finnest av relevant forskning og tidlegare utviklingsarbeid

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.10.2025
----------	------------

Til dato	31.07.2026
----------	------------

Skildring

Finne fram til relevante metodar og prosessar for å identifisere kvalitetane ved bibliotekverksemda, og utvikle modell for vurdering av kvalitet, verdi og potensial i folkebibliotek.

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.01.2026
----------	------------

Til dato	31.12.2026
----------	------------

Skildring	Utvikle og prøve ut løysing for innsamling, handtering og formidling av data samla inn frå og om norske folkebibliotek
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.10.2025
Til dato	30.04.2027
Skildring	Utvikle modell der ein koplar relevante data om kommunen med bibliotekas ulike samfunnsbidrag for vurdering av kvalitet, verdi og potensial i det enkelte folkebibliotek.
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.01.2026
Til dato	31.12.2026
Skildring	Prøve ut modell for vurdering av kvalitet, verdi og potensial i folkebibliotek i utvalde kommunar
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.11.2026
Til dato	30.04.2027
Skildring	Evaluerer og reviderer metodar og modellar
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.05.2027
Til dato	31.08.2027

Skildring	Avslutte prosjektet, oppsummere med alle involverte, rapportere
-----------	---

Aktivitetsperiode

Fra dato	01.09.2027
----------	------------

Til dato	30.11.2027
----------	------------

Andre opplysninger

Andre opplysninger/kommentarer om
framdrifts-/aktivitetsplan

Budsjett

Prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket	2 105 000
--------------------------------------	-----------

Andre inntekter

Skildring	Eigeninnsats Vestland
-----------	-----------------------

Beløp	600 000
-------	---------

Skildring	Eigeninnsats ABØ
-----------	------------------

Beløp	600 000
-------	---------

Skildring	Eigeninnsats Innlandet
-----------	------------------------

Beløp	100 000
Skildring	Eigeninnsats Lillestrømbiblioteka
Beløp	200 000
Skildring	Eigeninnsats OsloMet
Beløp	595 000
Inntekter totalt	4 200 000
Utgifter	
Skildring	Arbeid OsloMet (1370 timar)
Beløp	1 475 000
Skildring	Prosjektleiing 20 % stilling over to år
Beløp	500 000
Skildring	Arbeid samarbeidspartane 75 % stilling over to år
Beløp	1 875 000
Skildring	Arbeidstid i utprøvingkommunar

Beløp	200 000
Skildring	Møte med kommunane/reise
Beløp	150 000
Utgifter totalt	4 200 000
Totalt	0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *	Ja
Namn	Fylkesbiblioteket i Akershus, Buskerud og Østfold
Beskriv samarbeidet	Samarbeid om planlegging og gjennomføring av prosjektet.
Namn	Innlandet fylkesbibliotek
Beskriv samarbeidet	Samarbeid om planlegging og gjennomføring av prosjektet med hovudvekt på kunnskapsdeling.
Namn	Lillestrømbibliotekene
Beskriv samarbeidet	Samarbeid om planlegging og gjennomføring av arbeidspakke 2

Namn	OsloMet
Beskriv samarbeidet	Samarbeid om planlegging og gjennomføring av alle arbeidspakkar i prosjektet
Namn	Eit utval kommunar
Beskriv samarbeidet	Vi vil i prosjektet knyte til oss eit utval kommunar som vil bidra til utprøving av det som er utvikla i prosjektet
Namn	KS Digital, v/Trygve Kikut
Beskriv samarbeidet	Ressursperson

Vedlegg

Last opp vedlegg

- [Vedlegg 1 forankring.pdf](#)
- [Vedlegg 2_Forslag taksonomi.pdf](#)
- [Vedlegg 3-Buskerud-Measuring-Model-Buskerud-fylkesbibliotek.pdf](#)
- [Vedlegg 4-Folkebibliotekene-i-Innlandet-Statusrapport-2023-Innlandet-fylkesbibliotek.pdf](#)
- [Vedlegg 5-Folkebibliotekloven-2014-Hva-forte-den-til.pdf-Innlandet-fylkesbibliotek.pdf](#)
- [Vedlegg 6-Indikatorer-for-norske-folkebibliotek-ABM-2010.pdf](#)
- [Vedlegg 7-The-impact-of-public-libraries-in-Denmark-2022.pdf.pdf](#)
- [Vedlegg 8 Arbeidspakke 2_nasjonal brukarundersøking.pdf](#)

Samandrag og innsending